

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Førde HF

DATO: 15.11.2020
SAKSHANDSAMAR: Vidar Vie
SAKA GJELD: **Rapportering program og prosjekt i Helse Førde**

ARKIVSAK: 2020/9680

STYRET:
Styret i Helse Førde HF

MØTEDATO:
27.11.2020

STYRESAK:
070/2020

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek rapportering for status prosjektportefølje i Helse Førde til orientering

Oppsummering


Det er stor og veksende aktivitet i prosjektporteføljen til Helse Førde. Den er gjennomgående tett integrert med porteføljen i Helse Vest, men har også stor aktivitet innanfor bygg og organisasjonsutvikling.

Fakta

Prosjektporteføljen til Helse Førde er i all hovudsak organisert i desse fire programma, som alle har sine lokale styringsgrupper:

- Alle møter (regionalt)
- HELIKS (regionalt)
- Libra (regionalt)
- Pasientens helseteneste
- Nye Førde sjukehus

Alle dei regionale programma har store innføringsløp framfor seg i 2021. Mange av prosjekta i Pasientens helseteneste er i ein tidlegare fase. Figuren under illustrerer ein overordna status for porteføljen:



Vedlegget «Prosjektrapportering 11. november 2020» inneheld eit meir detaljert oversyn for status i kvart enkelt prosjekt og program, ressursbruk, framtidige aktivitetar og eventuelle avvik i høve plan.

Prosjektlearane er bedne om å rapportere på sju ulike parametrar; tid, kost, personell, risiko, kvalitet, nytte og samla vurdering. Ingen av programma eller prosjekta rapporterer raudt på

noko punkt. Det er størst uro for at tidsplanane ikkje kjem til å halde. Dei regionale programma er også uroa for tilgangen på personell framover, medan dei lokale programma og prosjekta gjennomgåande rapporterer grønt på personell. Årsaka kan ligge i at dei regionale programma skal inn i krevjande innføringsløp i 2021, medan dette ligg litt lenger fram for å dei lokale programma.

Prosjektlearane er også bedne om å rapportere på kor mange årsverk dei har nytta i 2020, og kor mange som trengst i 2021, også den tida linjeorganisasjonen nyttar i samband med prosjekta. Det er vanskeleg å få eit heilt rett bilete av dette, og det ligg ein viss grad av skjønn i desse vurderingane. Resultatet er likevel eit klart uttrykk for at prosjektlearane ser føre seg at det trengst meir ressursar i 2021 enn i år.

Samla rapporterer dei på ein auke frå 60 årsverk i 2020 til vel 80 årsverk i 2021. I hovudsak betyr denne ekstra ressursbruken større involvering/meir arbeid i linja, og ikkje nye tilsetjingar.

Det føregår også ein del prosjektretta arbeid i ulike regionale utgreiingar, arbeidsgrupper, konsept og forprosjekt som ikkje er synleg her, og som i periodar betyr ein vesentleg ressursbruk.

Kommentarar

Porteføljestyring handlar om å identifisere, prioritere og setje i verk prosjekt og program i verksemda, og å følgje opp leveransane. Styrima skal mellom anna medverke til å realisere gevinstar, nytte utviklingsressursar på ein god måte og minske uvissa i prosjekt. Det skal igjen føre til at prosjekta får ønska verknad, og at verksemda når måla sine.

For Helse Førde vil desse måla i hovudsak vere skildra i styringsdokument, regional og lokal utviklingsplan, og i lover og forskrifter.

Nokre sentrale element i porteføljestyrima er god kopling mellom mål og prosjekt, og god oversikt når det gjeld ressursbruk, risiko og framtidig kost/nytte.

Den vedlagde projektrapporten inneheld mange av dei viktige elementa, men synleggjer også nokre mogelege forbetningspunkt. Det vil vere ønskjeleg å få på plass ei litt meir samordna og overordna risikovurdering for heile porteføljen. Likeeins bør det vere noko å hente når det gjeld kost-/nyttevurderingar før og undervegs i prosjekta, og evalueringar av gevinstar etter innføringar. Storleiken på ressursar som går med til å gjennomføre prosjekta kan også uttrykkast meir presist.

Både i Helse Førde og Helse Vest vert det arbeidd med å forbetre prosjektmetodikken, mellom anna på desse punkta.

Konklusjon

Prosjektrapporteringa syner det store omfanget av prosjekt i føretaket og gir eit overordna bilete av status. Store innføringsløp i 2021 gjer at det vil verte nytta meir ressursar til prosjektgjennomføring enn tidlegare. Det blir kontinuerleg arbeidd med å utvikle prosjektmetodikken for å forbetre porteføljestyringa.